

Gravminne Grotle gamle kyrkjegard.

Registreringane er noterte etter følgjande mønster:

- A. Type minne henta frå rapport med bilete frå 1998 v. Valborg Leivestad.
- B. **Innskrift** (registrert av Kirsten Grotle 1991 og Valborg Leivestad 1998)
- C. Opplysningar *henta frå kyrkjebok eller klokkearbok*
- D. Opplysningar henta frå Bremanger bygdebok 1 og 2 med gnr./ bnr. og Folketeljningar.

1. Bolta skiferkors på støypt karm.

Innskrift: Rakel B. Kjerpeset f. 27.9.1821 – d. 23.8 1886

kaarkone Rakel Bentsdtr Kjerpeset.

Rakel var fødd på Dyrstad gnr. 36 bnr. 2 og døydde på Kjerpeset gnr. 31 bnr. 3. Ho var første kona til Martin Elias Oleson.

1a. Takstein

Innskrift: RBDK

Dette er eit førebels minne over Rakel B. Kjerpeset (1)

2. Skiferstein ca 25x70 cm

Innskift: 1810 ROSM 66

Rasmus Olesen Mullien d. 1810

Rasmus finn vi i Mulelid gnr. 47 bnr. 1. Han var fødd i 1744 på Gimmestad i Nordfjord og vart gift med Marie Nilsson. Rasmus var eigar av 18 merker smør i 1779 og bygsla 8 merker i 1786. Han døydde 66 år gamal.

3. Stein utan bearbeiding, 20x30 cm.

Innskrift: Her under hviler ABSS 1819

I bygdeboka finn vi ein Anders Berntson f. 1754 og d. 1819 på Senneset gnr. 21. som brukar av bruk nr. 2 frå 1780 – 1807.

4. Marmorplate med smijernstøtte

Uleseleg minne

5. Marmorplate med smijernstøtte

Uleseleg minne

6. Gravramme med plate.

Innskrift Matias B Hauge f. 1866 – 1890

Valdemar Matias Botolvsen Hauge Dødsårsak: Mavebetændelse

Dette er minne over Valdemar Matias på Hauge gnr. 16 bnr. 12 og han var gift med Berte Olina Valdemarsdotter frå Vetvik bnr.1. Ho sat med bruket etter at ho vart enke. Bygdeboka seier ingenting om etterkomarar.

7. Kleberstein/grønnskifer 20x70 cm.

Innskrift: Markus Nilsson Mulelid f. 7.5.1822 – d. 30.3. 1837

Dødsårsak ukjent.

Steinen er truleg gjenbrukt i 1895.

Markus finn vi i Mulelid gnr. 47 og bnr. 1. og han er barnebarnet til Rasmus på gravminne nr. 2.

8. Helle 60x25 cm.

Innskrift 1788 – 1818 og ØSELVA

8 c Helle. Kan vere rest av kyrkjetuft

9. Helle 80 x 70 cm. Kan vere rest av kyrkjetuft.

10. Skiferplate 75 x 30 cm.

Innskrift: BODF F 1859 D1885 FMdS

Brite Oline Olsdatter er i kyrkjeboka registrert med dødsdato 3-2-85 som ugift pige på Eikeset.

Brita Oline Førde vaks opp hos besteforeldra på morsida; Joakim og Ingeborg, på Førde gnr. 22 Andre familier. Foreldra var truleg Nelle Førde og Ole Bergeson Nødset b.nr. 2 FMdS tyder Fred med di sjel

11. Marmorplate 30x40 cm

Innskrift: Ole S. Ryland f. 10.9.1869 – d. 26.8.1894 Velsignet være ...

Ukjend dødsårsak.

Ole var ugift son til Samson Oleson og Berte Persdotter på Ryland gnr. 26 bnr 4. Folketeljinga 1891 fortel at han dreiv med «Jordbrugarbeide, Fiskeri, Huslige Sysler og Skomagerarbeide»

11a Stein 150x30 cm

Innskrift: MPSN f. 1801 – d. 5.7. 1836

Michel Pedersen Nordbotten – 36 aar

Michel var fødd i Sandvik gnr. 42 bnr 1, gift med Johanne Sørensdatter Kjerpeset gnr. 31 bnr.3 og døydde i Botnane gnr. 52 bnr.1.

12. Skiferplate 25x70. Brekt. Skal ikkje tilbakeførast.

Tekst m.a. Med dit støv

13. Granittsokkel med kvit marmorplate 40 cm høg.

Innskrift: Johan Larsen Løviknes f. 17.9.1858 - d. 6.9.1897.

Dødsårsak: Døde av magesår.

Johan var brukar av Løviknes gnr. 24 bnr.1. i perioden 1893 – 1912. Han var gift med Marta Olina Andreasdotter Steinset bnr. 1. Dei fekk to born; Anna Johanna og Lorens Andreas. I tillegg til jordbruk dreiv Johan som fiskar og notbas.

14. Sandstein 100 x 20 cm.

«Jeg alltid jaget har frå verdens lyst og møie mit legem hviler her - min sjel er i det høie under hvileren er af navn MGDIH f. 7.juli 1795 - 30.juli 1815 Det store jammerskrig mig ei forskreket gjør. Jeg står nu alt for Gud og himmel-septer før.

Mary Gregoriusd. Yttr.Huus 20 aar

I bygdeboka er namnet Marie brukt. Ho var fødd på Ytrehus gnr. 43 bnr. 3, men døydde same året som ho gifta seg med Isak Johanneson på Indrehus gnr. 44 bnr. 1. I kyrkjeboka er ho registrert med etternamnet Ytrehus, men på gravminnet er etternamnet Indrehus brukt.

15.1 Skiferkors

16. Støypejernskors med innskrift på plate:

HER HVILER OLE GREGORIUSSEN WAAGENE DER I SINE KRAFT FULLE DAGE MAATTE BESKIKKE SIT HUUS OG OMBYTTTE TIDEN MED EVIGHETEN I SIN ALDERS 29DE OG ÆKTESKAPS 6TE AAR. HAN EFTERLOD SEG TRE UNGE PLANTER, TO SØNNER EN PAA 5 OG DEN ANDEN 6AAR EN DATTER BLOT 4 MAANEDER GAMMEL. FØDT DEN 17DE SEPTEMBER 1845, DØD DEN 27DE MAI 1874. FRED MED DIT STØV.

Ole Gregoriussen Waagene f. 17.9.1845 – d. 27.5.1874 Dødsårsak: drukning

Ole Gregoriussen Waagene var fødd på bnr. 3 på Ryland og vart gift med Kristine Oledatter Vågane i Vågane gnr. 33 bnr. 2. Saman fekk dei borna Ole Joakim (f. 1869), Kristoffer Augustinus (f. 1871) og Agnete Fredrikke (f. 1874). Etter at Ole drukna, dreiv enka Kristine garden vidare og gifta seg opp att med Rasmus Ulrikson frå Birkeli. Ho døydde i barsel 1879. Alle dei 3 borna til Ole og Kristine; Ole, Kristoffer og Agnete vaks opp. Eldste sonen Ole flytte til Langhelle i Breivik og dottera Agnete vart syerske i Oslo, mens historia fortel at den yngste sonen Kristoffer, drukna i ei vatn.

17. Stein på høgkant. Uregelmessig trekant, 50 cm brei

18.3 skiferkors

19. Kleberstein/grønskifer 23 x 50 cm.

Innskrift: APODV d. 1816 1892 «Mit korte levned er nu endt ...»

6.1. 1789 – 21.3.1816 Anne Pernille Olsdatter Vaagene

I Vågane gnr.33 bnr.1 finn vi brukarane Ole Jonson gift med Kari Persdotter frå Sørgulen bnr. 1. Dei var foreldre til Anne Pernille og Johanna som døydde same året. Sjå gravminne nr. 81.

20. Takstein i tegl. Skal ikkje tilbakeførast, kanskje i monter.

Innskripsjon: HKST.

Henrik Karlsen Torvanger f. 1813 – 10.4 1900. Gift kaarmand. Dødsårsak: Alderdom

Henrik finn vi i bygdeboka som brukar av gard nr.14 bnr.1 på Torvanger. Saman med kona Elisabet fekk dei 10 born; deriblant jentene Henrikke som vart gift på

Svarstad 2, Marianna gift på Hauge 3, Ane gift på Igland 5, Kari gift på Grotle Indre 4, Marie gift Dalsbotten 1, og Oline gift på Grotle Indre 4. Sonen Hans tok over bruket etter foreldra. Kari og Oline var kone nr. 2 og 3 til Rasmus i Anestova. (sjå gravminne nr. 67).

21. Plate i grønnskifer 70 x 30 cm – Ikkje synleg.

22. Tilhogd stele (stående blokk) 160 x 50-30 cm. Mange uklåre skrifteikn. Bumerker - gravplate frå middelalderen?

23. 2 støtter med marmorplater og kross.

Innskrripsjon: Oline Bertine Dalsbotnen og Oline Bertine Johanesdtr. Klungreset.

Oline Bertine Bergesdt. Dalsbotten f. 1880 – d. 8.3 1898 «Fald gjennom Isen på Dalevandet og druknede» Oline Bertine Johanesdtr. Klungreset f. 1881 – d. 8.3. 1898 Fald gjennom isen på Dalevandet og druknede da hun forsøgte at redde forannemmede.

Oline Bertine Dalsbotten vaks opp på i Dalsbotnen gnr. 20 bnr. 1 og vart 18 år gammal. Oline Bertine Klungreset vaks opp på Klungreset gnr.19 bnr. 2. og vart berre 17 år.

Det knyter seg ei særst tragisk hending til desse to gravminna. Ei hending som hadde samanheng med den viktigaste næringa på Bremangerlandet gjennom alle tider, fiskeri. Dei to jentene var på veg frå heimane sine inst ved Dalevatnet til sjøen med mat til folket som heldt på med fiske. Dei ville gjere vegen kortare ved å gå isen på Dalevatnet. Så var dei uheldige og gjekk gjennom og drukna begge to. Dette var ei fæl tragedie som gjorde eit djupt inntrykk på folket i heile Bremanger.

24. Gravramme og 70 cm høg støtte.

Innskrift: Handelsmand Andreas M. Hauge f. 1854 - d. 17.10. 1899

Dødsårsak: antagelig hjerteslag

Gudveig Andreasdatter Hauge f. 1894 - d. 25.11. 1901

Død av difteri.

Dette er far og dotter frå Hauge gnr.16 bnr.6. Andreas Mikalson vart gift med Marta Trondsdatter frå Væstnes i Romsdal. Dei dreiv handel og postopneri på Holmen som Andreas fekk skøyte på i 1888. Eigedommen vart skøytt vidare til ny eigar, av enka i 1901.

25. Uregelmessig plate i grønskifer, ca 80 x 30 cm

26. Stein i grønskifer med uregelmessig form.

Innskrift: Herunder viler dene døde legeme pigen Katrine Olsdatter Sande hendes alder var 21 aar og nesten seks måneder gammel fød 1827 den 24 mars og død 1848 den 13 august

Katrine Olsdatter Sande 1827 – 1848 21 aar, d. 13. august

Katrine var dotter til Ole Andersson frå Rise bnr. 4 og Ragnhild Augustinusdotter Sande. Dei var førde opp som plassfolk både på Sande og Rise og vi finn dei i bygdeboka under Andre familier på Sande.

27. Rombeforma skiferplate ca. 35 x 40 cm. Ikkje synleg

Innskrift i sirkel. Mari Olsdatter 1821

Innskrifta viser til tidlegare registrering.

28. Flat, uregelmessig stein ca 70 x 30 cm.

Innskrift: ATSF 1770 – 1847

Anders Torsteinson Førde var fødd på Bergane, Førde gnr. 22 bnr 7. Han dreiv garden i åra 1796 – 1855 saman med kona Abelone Olesdatter, fødd på ein plass under Nesje. Dei fekk 10 born der ni av dei voks opp.

29. Sandstein 120 x 20 – 25 cm

Innskrift: Utslitt, ikkje lesbar

30. Ikkje påvist

31. Ikkje påvisst

32. Støtte med kross, navneplate og gravminne.

Innskrift R.A.Rasmussen Grotle d. 1890

Rasmus Andreas Olai Rasmusen Grotle f. 18.8.1853 – d. 15.12. 1890 og fragment med innskrift «Herunder viler»

Rasmus voks opp som eldste sonen på Åkebakkjen, Grotle gnr.12 bnr. 5. Han døydde før faren, og ein yngre bror Ole, tok seinare over garden etter foreldra.

33. Marmorplate 25 x 30 cm. Innskrift uleseleg.

34. Ikkje påvisst

35. Granittstøtte med kvit marmorplate.

Innskrift: Inger P. Varpe

Inger Pedersdtr. Varpe f. 1875 – d. 14.7.1902 Dødsårsak: Død av hjartefeil

Inger finn vi på Varpe gnr. 18 bnr. 9 og var dotter til Peder Olai Paulsen og Rakel Marianne Hansdotter frå Dyrstad bnr. 4.

36. Støypejarngravminne med namneplate.

Innskrift: 1901 Olianna Rasmusdtr. Førde

Olianna Rasmusdatter Førde f. 4.9. 1854- d. 28.11.1901 Dødsårsak: Død i barselseng

Oleanne kom opprinneleg frå Bakke på Novelandet; gnr. 29 bnr. 1 og gifta seg med Anders Elias Botolfson Førde, Leitane gnr. 22 bnr. 3. Her døydde ho i barselseng då ho fekk sitt tiande barn, Olai.

37. Skiferplate 70 x 50 cm – ikkje synleg

38. Marmorplate med smijernstativ 35 x 40 cm.

Innskrift: Anne Krispinusdatter Bakke født 2. aug 1824 og død 10.febr 1899.

Anne var fødd på Bremnes b.nr.1 og vart gift med Rasmus Jonasson Bakke gnr. 29 bnr.1. Saman fekk dei åtte born.

39. Skiferplate 70 x 30 cm. Brekt. – ikkje synleg

40. Granittstøtte med marmorplate, 40 cm høg.

**Innskrift: Lars Mathias Olsen Løviknes født 3. April 1870 død 2. februar 1896
Vi sees igjen.**

Lars Mathias Olsen Løviknes f. 3.4.1870 – 1896. Dødsårsak: Blodforgiftning

Lars og søstra (gravminne 41) finn vi under Andre familiar på gard nr. 24 Løviknes. Foreldre var Ole Sakariasson og Rakel Andrine Akselsdotter, begge fødde på Løviknes.

41. Granittstøtte med marmorplate, 40 cm høg.

Innskrift: Pauline Olsen Løviknes d. 1897

*Pige Pauline Marie Bertine Olsdr. Løviknes f. 1867- d. 1897 Dødsårsak:
Lungetæring*

Pauline og broren (gravminne 40) finn vi under Andre familiar på Løviknes gnr. 24. Foreldre var Ole Sakariasson og Rakel Andrine Akselsdotter, begge fødde på Løviknes.

42. Sandstein 130 x 35 cm

**Innskrift: Mykje tekst/initialer og mange årstal. M.a. PAMS AMS PMS 12.
februar juli 1843 7. desember 1837 ...**

Utgangspunktet for å leite etter denne familien var at far sitt førenamn må byrje med bokstaven M. På Førde gnr. 22 bnr. 1 finn vi ekteparet Mons Person (f. Askeland) og Anne Abelsdotter (f. Daviknes). Dei var plassfolk på Tuftene på Oldeide og flytta til Førde kring 1843 i følgje bygdeboka.

Dette viser seg å vere borna til Mons og Anne; ein søskenflokk på ni born der seks av dei døde i tidsrommet 1835 – 1846; Kristine f. 1834 d. 1835, Jon f. og d. 1835, Anne f. 1837 d. 1838, Per f. og d. 1839, Abel f. 1843 og d. 1846 og Per Andreas f. og d. 1846. Som vi kan sjå, døde fire av borna i tida dei budde på Oldeide.

43. Bruddstykke i grønskifer 12 x 45 cm - til utstilling.

Innskrift: 1771 ... 61 SMDF f. 2. november 1786 – d. 1826

Gaardmannskone Synnøve Martinusdatter Frøen

Synnøve voks opp på Frøyen øvre gnr. 5 bnr. 4 med foreldra Martin Larsson og Marie Olsdotter. Synnøve vart gift med Kristoffer Person på bnr. 5. Her døyde ho same året som ho fødde 6. barnet; ei jente som fekk namnet Synnøve.

44. 2 skiferkrossar

45. Liten stein

46. Plate av støypejern 40 x 50 cm

Innskrift: Herunder hviler støvet af Sigvald Annanias Nicolai Gustavsen Førde

*Sigvald Annanias Nicolai Gustavsen Førde f. 26.11.1897 – d. 7.5.1899
Dødsårsak: antagelig influensa*

Sigvald levde berre to år. Han var neste eldste barnet til Gustav Andreas Absalonson Førde og Ingeborg Maria Sakariasdotter på garden Førde gnr. 22 bnr. 2 i Tunet.

47. Skiferkross – skal ikkje tilbakeførast.

48. Granittstøtte med kvit marmorplate og halvt kross på toppen.

Innskrift: Olai Andersen Førde f. 1863

Olai Andersen Førde f. 1863 – d. 28.3. 1899 Dødsårsak: Blodforgiftning etter influensa.

Olai var fødd på garden Førde gnr. 22 bnr. 11 og er oppførd som eigar av bnr. 13 frå han var 6 år gammal. Dette bruket vart drifta saman med foreldrebruket etter at han døydde i 1899.

49. Marmorstøtte med gotisk toppdel.

Innskrift: Samson J. Bremnes f. 1870 – 1886

Samson kom frå Bremnes gnr. 30 bnr. 2, og døydde som ungdom. Faren Johannes, omkom seinare under torskefiske i 1894.

50. Marmorplate med smijernstativ 35 x 45 cm.

Anne Rasmusdtr. Bakke f. 1865 – d. 1886.

Anne Olava Rasmusdtr. Bakke

Anne budde på Novelandet Bakke gnr 29 bnr 1. og var dottera til Rasmus Jonasson og Anne Marie Krispinusdotter.

51. Helle 45 x95 cm og påboltet klebersteinsplate.

Innskrift: MCSK

Gaardbruger Martin Christensen Kjerpeset 36 aar d. 7. juni 1861 Dødsårsak: Difteri

Martin Kristoffer Kristensen f. 1825 på Kjerpeset gnr.31 bnr.1.

52. Betongramme utan synleg gravminne

Innskrift: 1865 – d. 1886

53. Marmorplate med smijernstativ 30 x40 cm.

Innskrift: S.O. Ryland f. 18.2.1842 – d 23.6.1890

Samson Olsen Ryland Dødsårsak: Vattersot

Samson vart fødd på på Ryland gnr. 26 bnr. 4 og tok over bruket etter foreldra Ole Jonson og Synnøve Jørgensdotter (f.Kjerpeset) Samson gifte seg med Berte Persdotter og saman fekk dei sju born.

54. Marmorplate 30 x 40 cm.

Innskrift: Martin Sakariassen Grotle f. 1862 – d. 1889

*Ugift fisker Martin Kristofer Sakarias Grotle f. 1.1.1862 – d. 22.12.1889
Dødsårsak: Lungetæring.*

Martin finn vi på Indre Grotle Vellene gnr. 12 bnr. 3.

55. Marmorplate med smijernstativ 30 x 40 cm.

Rasmus Jonssen Bakke f. 1823 – d. 1889

Dødsårsak: Omkom på sjøen udenfor Novelandet

Rasmus Bakke, gnr. 29 bnr. 1, var gift med Anne Marie Krispinusdotter Bremnes og saman fekk dei 8 born.

56. Stein 25 x 40 cm

Innskrift: ARDM d. 1847

Kan vere Anne Torbjørg Myren f. 1824 – d. 1847 Myra gnr. 27 bnr. 3 NB

57. Granittstøtte og marmorplate.

Innskrift: Johan Torsteinsen Hauge 1865 – 1897

Folketeljing 1891 – 1438 Bremanger kommune. Johan Mattias Lyder Torstensen. Sennesæter. Ugift søn, arbeider med fiskeriet for faderen og snekker for egen regning.

Johannes Matias på Senneset voks opp på gnr. 21 bnr. 4 som son av Torstein Amund Oleson og Jørgine Steffine Johanne Olesdatter. Her er det opplyst at han gifta seg med ei Anne Marta Vilhelmsdotter i 1892 og flytta til Hauge bnr. 13. og døydde i 1893. På Hauge gnr. 16 bnr. 13 finn vi nemnde Johan Matias Lyder Torsteinsson og nå er dødsåret 1895 og på gravsteinen er no Hauge etternamnet..

58. Grønnskifer 25 x 60 cm.

Innskrift: NELEPE DATER IS HEDES Å VAR TYV GAMEL 1819

Nelle Pedersdtr Rise død 24/10, 1819 – ¼ år

Dette er ein person vi har hatt problem med å finne. Innskrifta var mangelfunn men vi hadde eit årstal å ta utgangspunkt i og leitinga starta i kyrkjeboka og namna til dei døde i 1819. Her finn vi ei Nelle som døde same året ho var fødd. Vidare finn vi i kyrkjeboka, registrerte under døypte same året; 16. februar ei jente med namnet Nelle Johanna. Foreldre er registrerte som Peder Antonsen og Anna Sørensdtr. Ved leiting i bygdeboka på garden Rise gnr. 38 bnr. 4 finn vi igjen Nelle som var fødd og døde i 1819. Foreldre er no registrerte som Per Erikson. Dette etternamnet er frå faren, mens han i kyrkjeboka er namngiven med namnet til mora sin andre mann. Per er no gift med Pernille Oline. Vi ser og at ho er nemnd som kone nr. 1 og nr. 2 er ikkje namn på.

59. Plate 80 x 40 cm.

Innskrift: herunder viler jeg TTSS – SIDS 1818

Dette er gravminne over eit ektepar; Torgeir Torgeirson f. 1765 d. 1848 og kone nr. 2 Sofie Isaksdotter f. 1760 i Berle bnr. 3, d. 1818. Ekteparet budde på Senneset gnr. 21 bnr. 4.

60. Kleberstein (grønnskifer) 70 x 25 x-30 cm

Innskrift: POSSB d. 1837 f. 1778 Jeg har vundet Jesus vand. Han opstod i Kraft og Seier ...

Peder Olsen Sørebotnen som òg vart også kalla Per og var fødd på Nesbø bnr. 1. Han gifta seg med Brita Olesdotter frå Kjelkenes bnr. 1 og saman tok dei over garden i Sørbotnen 1802. Gnr. 54 bnr. 1.

61. Gravstein 80 x 25 cm.

Innskrift KBSD 1813

62. Skifer 20-30 x 60 cm.

Innskrift: RMSD 1792 OKSD 1818

På Dyrstad gard nr. 36 bnr. 2 finn vi ein Rasmus Markusson f. 1726 og d.1792 som dette kan vere. Han tok bruket på odel i 1748.

På bnr. 1 finn vi likeeins ein Ole Knutson f. 1745 på Skarstein som døydde i 1818. Ole, saman med kona Anna Steffensdotter var ei tid brukarar på Skarstein før dei tok over garden bnr. 1 på *Dyrstad* etter farbroren. Rasmus Oleson.

63. Sandstein 160 x 40 cm. Avslått del, også funne.

Innskrift: Herunder viler ... Knut O.S. SODN Middelaldersk gravplate

5. marts 1828 omkom Knut Oleson 48 år, sonen Ole Knutsen 19 år og Anders Andersen 25 år, utanfor Nesje. Berre Knut Oleson var gjenfunnen.

Knut Oleson f. på Dyrstad men gifta seg med enkja Synnøve Olesdotter på Nesje gnr. 8 bnr. 1.

64. Granittstøtte. Kross forsvunnet- Betongramme.

Innskrift: Sigvard Andreas Hansen Fossene f. 2.5.1880 – d. 8.6.1902

døde på Bergen sygehus

Sigvard vart og kalla Sivert og vart berre 12 år gammal. Han var son til Henrik Andreas Annanias Hansson og Olina Ragnhild Jonsdotter Førde og budde på Fossane gnr. 23 bnr. 1.

65. Kiste av støypejern Lensmannsgrav

Innskrift: Hendrik Lexau – Lendsmann i Bremanger f. 23.1.1789 – d. 11.2.1880 Kari født Rasmussen – hustru f. 1789 – d. 1859

Henrik Lexau var fødd i Smørhamn der faren var borger og gjestgjevar. Han vart gift med Kari Rasmusdotter frå Anestova og var lensmann i åra 1821 til 1846. I 1825 fekk han skøyte på eigedommen gnr.12 bnr. 8. Denne eigedommen, kyrkja, sjøreiskap og alle dyra selde han i 1847 og held fram med å bygsle eigedommen som yngste sonen Didrik von Tangen Lexau seinare tok over. Didrik vart premiirt for « Fortjeneste af Jordbruket ». Ved utskiftinga flytta far og son bygningane sine til der Lexau-eigedomen ligg i dag. Her bygde dei saman eit nytt hus av dei to stovene sine. Desse to stovene vart bundne saman av materiale frå ein tredje bygning. Det er tankar om at dette kan vere frå kyrkja som vart riven og kjøpt av Rasmus Andreas Henrikson Lexau i Smørhamn; son til Hendrik og bror til Didrik.

65a 30 x 60 cm

Innskrift: 1822

66. Kleberstein 25 x 60 cm Ikkje tilbakeførast

Innskrift: d. 1835. Hvor over du nu viler rolig ...

Pige Christi Mariusdr. Myklebost f. 1803 – d. 18.8.1835 32 aar gaardmandsdatter

Kristi var dotter til Markus Oleson frå Dyrstad bnr. 1 og kona Pernille Olesdotter frå Myklebust gnr. 45 bnr. 2 (Bentgarden). Dei dreiv bruket i åra 1799 - 1841.

67. Dobbeltgrav med marmorplater og støypt ramme

Innskrift: Karen Henriksdtr Grotle f. 31.3.1850 – d. 8.3.1891

Dødsårsak: Død av rosenfeber

Elisabeth Jacobsdatter Grotle f. 23.1.1858 – d. 28.7.1884

Dette er grava som fortel litt om at ein var praktisk og kva gravplassen gjaldt. Dette er konene til Rasmus Andersson Grotle frå Anestova gnr. 12 bnr. 4.

Kone nr. 1 Elisabet, frå Innvik og kone nr. 2 Karen, frå Torvanger. Det er og å fortelje at Rasmus gifte seg for 3. gong med Olina, ei søster til Karen. Sjå gravminne nr. 30.

68. Fragment 25 x 30 cm – skal ikkje tilbakeførast.

Innskrift: IHDG 1819

Dette kan vere Janikke f. og d. 1819, dotter til Hans Rasmussen og Anne Marie Rasmusdotter på Åkebakkjen Grotle indre gnr. 12 bnr. 5;

69. Gravstein i grønskifer 15 x 60 cm

Innskrift: ABSA d. 1835 f. 1813. Herunder hviler mit støv af salig afdøde dreng

Bygdeboka fortel oss at dette er gravminne over Anders Bergeson Almenning gnr. 50 bnr. 1. Han var yngste sonen til Berge Person og Dorte Johanne Jonsdotter f. Vågane.

70. Plate 35 x 75 cm

Innskrift: KLSM 1887

Karl Larsen Myren f. 1821 – d. 1887

Karl Andreas Larsson f. Nøttingnes var båtbyggjar. Han vart gift med Juditte Olesdotter frå Myra gnr. 27 bnr 2 og her fekk dei bygselbrev. I 1865 hadde dei 2 kyr og 6 sauer. Dette kan vi lese under Andre familiar Myra.

71. Støypejernkross ca 130 cm høgt

Innskrift: Isak Johannessen Indrehus f. 30.9.1793 – 27.2. 1863

Dødsårsak: Sannsynleg av feber

Isak var yngste son til Johannes Hansson og Kari Knutsdotter på Indrehus gnr. 44 bnr. 1. Han gifte seg i 1815 med Marie Gregoriusdotter Ytrehus og ho døydde same året (gravminne nr. 14). Seinare gifta han seg med Alette Martinusdotter frå Frøyen. Dei fekk 8 born der 7 voks opp.

72. Gravstein 25 x 90 cm

Innskrift 1814

73. Kvit marmorstøtte med kors og namneplate 30 x 40 cm

Innskrift: Martha Johnsdr. Bakke f. 1824 – d. 1888

gaardkone Dødsårsak: Lungetæring

Martha Andrine voks opp på Frøyen ytre gnr. 3 bnr. 8. Ho var enke etter Endre Tue Oleson på Hauge bnr. 4. Etter at ho gifte seg med Ole Oleson var dei plassfolk under Frøyen før dei kom til Bakke gnr. 29 bnr. 3.

74. Skiferplate 25 x 40 cm Foreløpig gravmerke for nr. 73, no usynleg

Innskrift: MIB 1888

75. Stele (stående blokk) med avslått topp 15-20 x 80 cm

Innskrift: 1801 – 1839 BASL

Kyrkjeboka fortel: 21. juni 1801- døpte Bendic Axelsen Løviknes

Bygdeboka gir ikkje svar på kvar denne Bendic levde, men vi ser i dåppsprotokollen at minst to av fadrane budde på Løvikneset gnr. 24; Paul Larson bnr. 1 og Pernille Andersdtr. bnr. 3

76. Uregelmessig stein

Innskrift: Her neden under denne steen hviler mine døde been Sjelen er ved Jesu naade redet ub fra sorg og vaade IRSSB fødd 1733 den 23 Marts død 1814 den 25 oktober

Jakob Rasmusson Sørbotnen finn vi i bygdeboka i Sørbotnen gnr, 54, bnr. 3 som son til Rasmus Andersson og Eli Jakobsdotter. Rasmus var lagrettemann i 1755. Jakob tok over garden etter foreldra og vart gift med først; Anne Øysteinsdotter og seinare Brita Hansdotter frå Rise. Han fekk åtte born, sju av dei i første ekteskapet.

77. Fragment 12 x 30 cm

Innskrift: Johanne Sørensdatter Nordbotten fødd i året 1791 og død 1831.

På steinen finn vi mykje tekst.

Dette er kona til Mikael Person (Sandvik 42/1) Nordbotten i grav nr. 11a. Johanne vart fødd på Kjerpeset gnr. 31 bnr 1 og flytta til Nordbotten gnr. 51 bnr. 1. Denne eigedomen kjøpte Mikael saman med Henrik Matias Oleson i 1829 og dreiv garden nokre år. Den vart så seld og delt og Henrik vart plassfolk på garden.

78. Stele el lang gravstein 30-35 x 160 cm

Innskrift: 1786 Fleire merke som ikkje er lesbare. Middelaldersk gravplate?

79. Høg gravstein med kross av marmor. Overdel brukket

Innskrift: Johannes S. Bremnes 17.3.1849 – 9.3. 1894

Johannes Samsonsen Bremnes, Los og gardbrukar. Omkom saman med Andreas J. Bakke, Andreas Klaus A. Bakke og Johannes J. Bremnes på havet under torskefiske «da en sjø fylde båden. Kun den ene blev funden, en blev reddet.

Johannes finn vi på Bremnes gnr. 30 bnr. 2. Han var los og var dekorert med medalje for denne tenesta. Han fekk eiga skøyte av mora i 1860 og drukna i lag med sonen Johannes og Andreas frå bnr. 2 Bakke under fiske utanfor Nesje i 1894.

80. Halv skiferplate 20 x 40 cm.

Innskrift: 1.4. d. 17. 2...

81. Gravstein 25 x 70 cm + 2 fragment 20 x 25 cm og 10 x 30 cm.

Innskrift: Jeg traade verdens jammer ud paa livets korte banne. min sjel er bleven christi brud beklædt med seiers fanne - den underhvilende er ved navn JODV fød 1801 19.october død 1816 10. ... mit legem hviler her i muld ... i jorde klæde. D ... domme dag der ærfuld her f... op tilstæde

Johanna Olsdt. Vaage 15 aar.

Johanne var yngste dotter til Ole Jonson og Kari Persdotter frå Vågane, gnr. 33 bnr. 1. Ho og den eldre søstra Anne Pernille (f. 1793) døydde begge i 1816. Sjø gravminne nr. 19.

82. Trekanta skiferplate 60 x60 cm. – skal ikkje tilbakeførast.

Innskrift: 1823

83. Fragment av skifer . ikkje synleg

84. Uregelmessig sandstein 25 x 50 cm

Innskrift: 1847 Her under i støvet er den afdøde KGMGN død den 18 ma 1846 i Aaret 1846. Hvor den fra denne jammer dal forflytet di frydes sal foruden tvang og kidsomhed. I Glæde fred og hellighed blant de udvalgtes store tal til evig tid dig love skal (Rutemønster)

Knut Mathias Gabriel f. 1841 og Karen Dorthea Martha f. 1847 Næsbøe

Vi fann dei i kyrkjeboka for Kinn nedskrivne i 1847. Dette er minnet over borna til Gregorius og Oline Nesbø som døde berre 5 ½ år (Knut) og 8 dagar (Karen) gamle. Gregorius kom frå Ytrehus og gifta seg med Oline Kristiansdotter Nesbø og saman dreiv dei Nesbø gnr. 35 bnr. 3 (utskild frå bnr. 2) Saman fekk dei 10 born der berre 3 voks opp. Neste brukar vart barn nr. 9 i rekkja; Gullak Olai.

85. Marmorplate med smijernstativ 30 x 30 cm.

Innskrift: Kristoffer K. Grotle f. 1867 – d. 16.6.1887

Kristoffer Andreas Johan Kristiansen, ugift tjenestedreng

Kristoffer var son til Kristian Didrik Kristianson og Karen Helene Jonsdotter Lexau på Indre Grotle gnr. 12 bnr. 2. Faren døydde då Kristoffer var 3 år. Mora vart då gift på nytt med enkemannen etter Karen si søster, Gabriel Andreas Oleson på ein plass under bnr. 7 (seinare bnr. 22 og kalla Smehuset etter Gabriel som var smed). Der døydde ho i 1884..Kristoffer døydde tre år senare, 20 år gammal.

86. Skifer 35 x 35 cm. Overstykke av gravstein? Ligg på muren.

Innskrift: WSES 1810

Waldemar Waldemarsen Egeseter Sørbotnen – 32 aar

Waldemar finn vi på Eikeset gnr. 25 bnr. 3 der han var gift med Olave Nilsdotter. Han døde av blodsott

87. Fragment. ligg på muren

Innskrift: 53

88. Grønnskifer

Herunder støvet hviler den døde KKDI fød 1753 den 15 i 7 maane - død 1826 13.april Jeg Fik Med Jesu Blod ...

Bygdeboka seier at dette er Kari Knutsdotter f. Elde og ho vart gift med Johannes Hansson Indrehus på Indrehus gnr. 44 bnr. 1. Dei fekk tre born og den yngste sonen finn vi igjen på gravminne nr. 71.

89. Trekanta, grov stein.

Innskrift: LISN 1792

Lars Joakimson Nødset f. 1764 – d. 1792

Lars finn vi som nr. 4 i søskenflokket på seks, Nødset gnr. 28 bnr. 3. Foreldre var Joakim Hansson og Anne Torsteinsdotter

90. Marmorplate.

Innskrift: Edle Monika Høinæs f. 11.4.86 – d.16.4.1902 Elsket og savnet

Pige Edle Høinæs død av feber etter å ha fått tilsyn av lege.

Edle var dotter av Folkeskolelærer-Gårdsbrug-Ekspeditør med N.B.anets dampskibene Jørgen Andreas Knudsen Høinæs frå Eids herred, Nordfjord og kona Nille Oline Jørgensdotter f. Klungreset. Dei budde på Hauge gnr. 16 bnr. 2 som Nille fekk skøyte på og som ho skøyte vidare til eldste sonen Hans.

91. Ubehandla stein.

CASF

Christen Andersen Førde, 1752 – 1822, ukjend sjukdom

I bygdeboka finn vi Kristen Andersson på Førde gnr. 22/ bnr. 3 – Leitane. Kristen var gift med 1) Marie Persdotter Førde og 2) Johanne Johannesdtr. på Bremnes. Han vart far til 10 born i ekteskapa.

92. Fragment som ligg på muren

LMVDN

Lussie Malene Waldemarsdatter Næsbøe, 1 3/4 aar, børnesvagh

Lussie (Lovise) Malene var eldste bornet til Valdemar Oleson Nesbø og Brita Olsdotter (f. Liset). Dei finn vi på Nesbø gnr. 35 bnr. 1.